



Kronikk.

AV SONDRÉ BÅTSTRAND TALSPERSON FOR MILJØPARTIET DEI GRØNE

Gasskraft løyser ikkje klimakrisa Når regjeringa satsar stort på fangst og lagring av CO₂, er det petroleumsindustrien dei vernar om, ikkje miljøet.

Klima. 27.-28. mai skipa regjeringa til ein internasjonal høgnivåkonferanse i Bergen, kalla «Fighting Climate Change with Carbon Capture and Storage». Målet var å få fangst og lagring av CO₂ inn i den nye globale klimaavtala som skal forhandlast fram i København i desember, og Jens Stoltenberg ynskta ei rekkje prominente gjester velkomne til Bergen. Miljøpartiet Dei Grøne ser ingen grunn til å ynskja han til lukke med freistnaden på å grønvaska norske interesser i fossil energi.

Det er neppe eit slumpetreff at høgnivåkonferansen vart lagd til Bergen, med kort veg til prestisjeprosjektet på Mongstad. Det som med brask og bram vart lansert som eit «CO₂-fritt» gasskraftverk, har synt seg som eit miljøpolitisk blindspor som stort sett inneber at Regjeringa dryssar milliardar av kroner over fossilkraftnæringa. Gasskraftverk med fangst og lagring av CO₂ har synt seg å vera ekstremt dyrt, sær ureinande og potensielt helseskadeleg. Få talar lenger om «CO₂-frie» gasskraftverk, medan jamt fleire talar om dei negative verknadene ved satsinga.

Utsleppa held fram. Fangst og lagring av CO₂ er sær energikrevjande, og utprøving på kolkraftverk i Danmark syner at CO₂-handteringa krev om lag ein tredjedel av energien eit kraftverk produserer. Det er lite som tyder på at Mongstad-prosjektet vert mykje meir energieffektivt, så i tillegg til svinnet som alltid vil oppstå når gass vert bruka indirekte som i eit gasskraftverk, går store mengder energi med til å dytta delar av utsleppa ned i holrom i jordskorpa. Eg skriv «delar av utsleppa», for det er openbert at Mongstad-kraftverket ikkje vil verta «CO₂-fritt»: Kraftselskapet BKK reknar sjølv med at gasskraftverket – med reinsing – vil sleppa ut inntil 200.000 tonn CO₂ i året. Det er ei uforvarleg auke av norske klimautslepp, og kjem attåt 70 tonn nitrogenoksid, 70 tonn ammoniakk og fem tonn svoveldioksid – stoff som alle skapar forsurening – og dessutan 110 tonn giftig kulløs og 75 tonn metan og flyktige organiske sambindingar. I utsleppssøknaden til Statens forureiningstilsyn svarar for øvrig BKK «nei» på spørsmål om energiparetiltak med tyding for utslepp eller avfall er vurderte.

Når Mongstad-kraftverket står klart kring års-

skiftet og vert sett i drift, vert CO₂-utsleppa endå mykje større: Fangst og lagring kan fyrst verta røynd i 2018, ifylgje StatoilHydro. Det inneber årevis med opptil to millionar tonn CO₂ rett ut i atmosfæren frå gasskraftverket. Truleg kjem det til å halda fram slik, for fangst og lagring ligg ikkje berre langt fram i tid, det er òg tvilsamt om det er lurt med tanke på miljøet. CO₂-lagringa kan innebera ein konstant risiko for lekkasjar. I førekant av konferansen i Bergen tok Jens Stoltenberg med seg dei internasjonale gjestene sine ut til Sleipner-feltet i Utsira-formasjonen. Bodskaopen var at her har Noreg drive med lagring av CO₂ i 20 år, og at det har fungert flott. Mange av gjestene lét seg imponera, men kva var det eigentleg dei såg? Dei såg havoverflata, og vart neppe klokare av det. Vatn hadde dei nok sett før. Det Stoltenberg ikkje fortalde dei, vart at lagringa og injeksjonen slett ikkje har gått føre seg utan problem. Ein stor lekkasje frå Tordis-feltet vert oppdaga berre ved eit slumpetreff.

Peter M. Haugan, professor i oseanografi, seier at det i dag ikkje finst målemetodar som kan syna at CO₂ faktisk held seg på plass i lagra. Han peikar på at CO₂ ikkje er det same som olje og gass, slik at sjølv om olje og gass har halde seg i reservoara, tyder ikkje det at CO₂ òg vil halda seg der. CO₂ krev òg meir plass enn oljen og gassen som er henta opp, slik at mykje tyder på at lagringskapasiteten på norsk sokkel er overseld. Planane om å deponera CO₂-utsleppa frå Europa i Nordsjøen har lite realisme over seg.

Vern miljøet, ikkje petroleumsindustrien. Reinseprosessen kan òg føra med seg lokale helsetrugs mål. Den til no mest lovande metoden inneber utslepp av amin, som kan vera kreftfarleg. Førebels veit vi lite om det, men Norsk institutt for luftforskning (NILU) er i gang med ein studie, så om tre år får vi svar. «Til tross for all oppmerksomheten rundt CO₂-reinsing, finnes det forbau-

Gasskraftverket på Mongstad vert aldri noko miljøprosjekt.





FEIL PRIORITERING:
«Gasskraftverket på Mongstad vert aldri noko miljøprosjekt», skriv Sondre Båtstrand. Her er miljøvernminister Erik Solheim på Mongstad, der anlegget for fangst og lagring av CO₂ skal byggjast. FOTO: MARIT HOM-MEDAL/SCANPIX

sende lite kunnskap både om helseeffekter og miljøeffekter av flere av stoffene som kan dannes», seier forskar Marit Låg ved Nasjonalt folkehelseinstitutt. Det verkar beint fram uansvarleg å setja i gang reinsinga utan at vi veit om det kan auka kreftfaren for folk. Det beste er å venta på NILU-rapporten og setja gasskraftverket på vent så lenge.

Gasskraftverket på Mongstad vert òg langt dyrare enn fyrst rekna med: Fyrste byggjetrinn vil kosta fem milliardar kroner, sju gonger meir enn StatoilHydro hevda for berre to år sidan. Totalt kjem regninga truleg opp mot 25 milliardar kroner. Dei pengane kunne gjort langt betre nytte for seg om dei vart investerte i energisparing og fornybar energi, heller enn i desperate freistnader på å grønvaska fossilindustrien. Det er på tide å innsjå at CO₂-deponering ikkje reddar klimaet. Miljøpartiet Dei Grøne meiner at det tryggaste er å droppa alle planar om gasskraftverk på norsk jord. Regjeringa klynkar seg til CO₂-fangst og -lagring for å gjera fossilalderen lenger, men snart burde dei sjå røynda i augo: Gasskraftverket på Mongstad vert aldri noko miljøprosjekt.

Når statsleiarar samlar seg til klimatoppmøte i København seinare i år, må fokus vera på å etablera ei bindande avtale om reduksjon av globale utslipp av drivhusgassar, ei avtale som strekk til for å unngå

alvorlege klimaskader. Den norske delegasjonen bør ikkje ha som målsetnad å verna om petroleumsindustrien, men miljøet. Noreg bør gå føre som eit godt døme ved å byrja avviklinga av olje- og gassverksemda og satsa på energisparing og fornyeleg energi.

Naudsynt omlegging. Fangst og lagring av CO₂ orsakar ikkje vidare satsing på fossil energi. Rett nok hevdar Aker Clean Carbon at dei er i ferd med å utvikla ein metode for CO₂-reinsing utan utslipp av amin, men dette ligg fram i tid, samstundes som CO₂-lagringa er problematisk. Det er òg tale om ein metode for å fjerna CO₂ før forbrenninga, men dette ligg endå lenger fram i tid. Spørsmålet vert då: Kvifor bruka enorme ressursar på dette, når vi veit at energisparing og fornyeleg energi duger?

Olje og gass er avgrensa ressursar, og med dagens tempo i utvinning og forbruk vil det ikkje ta mange år før lagra tek til å verta tome. Skal vi bruka desse åra på å freista gjera oljen og gassen litt mindre miljøskadeleg, eller skal vi konsentrera oss om den heilt naudsynte omlegginga frå fossilsamfunn til ei fornyeleg framtid? For Miljøpartiet Dei Grøne er valet enkelt: Av omsyn til medmenneske, dyr og natur, i notid og framtid, er det heilt klart best å satsa pengar og ressursar på energisparing og fornyeleg energi. ■ debatt@nytid.no